



VOLDA KOMMUNE

MØTEINNKALLING

Utvalg: Valnemnda
Møtestad: 1. etg., Samfunnshuset i Volda
Dato: 02.03.2017
Tid: 14:00

Medlemar som er ugilde i ei sak vert bedne om å gje melding, slik at varamedlemar kan bli kalla inn. Jf. § 8, 3. ledd i forvaltningslova.

Vi ber om at forfall vert meldt til servicekontoret/utvalssekretær på telefon 700 58 700.

Varamedlemar får saksdokumenta førebels berre til orientering. Dei får særskilt melding når dei skal møte.

B- saker er underlagt teieplikt og er unnatekne offentleg innsyn.

Møtet er ope for publikum, med unnatak når b-saker vert handsama. Saksdokumenta er lagt ut til gjennomsyn på servicekontoret og på folkebiblioteket til møtet vert halde.

Jørgen Amdam
ordfører



VOLDA KOMMUNE

SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 2/17	Val i Tussa Kraft AS – 2017
PS 3/17	Oppnemning av styremedlem til AV-senteret AS

SAKER TIL HANDSAMING

PS 2/17 Val i Tussa Kraft AS - 2017



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Sonja Håvik	Arkivsak nr.:	2015/315
		Arkivkode:	033

Utvallsaksnr	Utval	Møtedato
2/17	Valnemnda Kommunestyret	02.03.2017

VAL I TUSSA KRAFT AS - 2017

Administrasjonen si tilråding:

Volda kommunestyre nominerer følgjande styremedlemer til Tussa Kraft AS (ei kvinne og ein mann) for to år.

Vedleggsliste:

Val i Tussa Kraft AS – 2017, datert 30.01.2017
Adresseliste
Styresamansetjing pr. januar 2017
Gjeldande vedtekter
Gjeldande aksjonæravtale
Gjeldande instruks for valnemnda
Oversyn over kompetanse for aksjonærvalde styremedlemer

Samandrag av saka:

Det skal haldast ordinær generalforsamling i Tussa Kraft AS den 21. april 2017, der val står på dagsorden.

I aksjonæravtalen er det nedfelt følgjande om styresamansetning:

«Styret bør setjast saman slik at det tek vare på aksjonærfellesskapen sine interesser og selskapet sitt behov for kompetanse, kapasitet og mangfald. Det må også takast omsyn til at styret skal fungere som eit kollegialt organ.»

I 2017 skal det veljast fire nye styremedlemer med personleg vara, valde for to år. Føljande styremedlemer står på val:

1. Ørsta: Inger Sandvik Sundnes, m/personleg vara Knut Olav Standal.
2. Herøy: Hilde Marie Brungot, m/personleg vara Dag Kåre Nærø.
3. Volda: Sindre Rotevatn, m/personleg vara Hege Karete Hamre.
4. KLP: Gunnar Gjørtz, m/personleg vara Kirsten Grutle.

Aksjonærene vert minte om at det ved nomineringa må leggjast vekt på at kandidatane har relevant røynsle og at det for eventuelt nye kandidatar blir opplyst om kompetansen deira på same måte som kompetansen til det noverande styret er skildra. Vidare at aksjonærene også tek omsyn til at styret skal ha ein samansetnad som gir ein tilfredsstillande kjønnsbalanse.

For komande val inneber dette at det må veljast minst to kvinner og minst ein mann. Volda kommune vert oppmoda til å velje ei kvinne som styremedlem og ein mann som varamedlem for å møte kravet om kjønnsbalanse i styret.

Helse og miljøkonsekvensar:

Ingen.

Økonomiske konsekvensar:

Ingen.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ingen.

Rune Sjurgard
Rådmann

Inger-Johanne Johnsen
sektorsjef kultur og service

Utskrift av endeleg vedtak:

Tussa Kraft AS
Dei som vert valde

TUSSA KRAFT AS

Langemyra 6, 6150 Ørsta
Telefon: 70 04 62 00
E-post: firmapost@tussa.no
Internett: www.tussa.no

Bankkonto: 6562 05 11573
NO 916 929 641 MVA

I samsvar med vedlagte adresseliste

Dykkar ref.:	Vår ref.:	Sak/dok.nr.:	Arkivref.:	Dato:
	Elling Dybdal	14/00166-7	011	30.01.2017

Val i Tussa Kraft AS - 2017

Det skal haldast ordinær generalforsamling i Tussa Kraft AS den 21. april 2017 der mellom anna val står på dagsorden.

Med dette vert aksjonærane orientert om det føreståande valet og oppmoda om å nominere styremedlemer i samsvar med vedtektene § 8, instruksen for valnemnda og aksjonæravtalen punkt 5.

I aksjonæravtalen er det nedfelt følgjande om styresamansetjing:

«Styret bør setjast saman slik at det tek vare på aksjonærfellesskapen sine interesser og selskapet sitt behov for kompetanse, kapasitet og mangfald. Det må også takast omsyn til at styret skal fungere som eit kollegialt organ.»

I samsvar med instruksen for valnemnda hadde leiar i valnemnda og styreleiar møte den 27. januar 2017 der det føreståande valet vart drøfta.

Grunnlaget for drøftingane var kompetanseprofilen til noverande styre og styreevalueringa som vart gjennomført i desember 2016.

I drøftingane vart det konkludert med at dagens styre stettar kravet til mangfald og styret fungerer godt som kollegialt organ. Når det gjeld kompetanse, er det god kunnskap i det noverande styret.

Aksjonærane blir minte om at det ved nomineringa må leggjast vekt på at kandidatane har relevant røynsle og at det for eventuelt nye kandidatar blir opplyst om kompetansen deira på same måte som kompetansen til det noverande styret er skildra. Vidare at aksjonærane også tek omsyn til at styret skal ha ein samansetnad som gir ein tilfredsstillande kjønnsbalanse. For komande val inneber dette at det må veljast minst to kvinner og minst ein mann.

Vår dato
30.01.2017

Vår referanse
14/00166-7

Nedanfor følger oversikt over kven som er på val i 2017:

4 styremedlemer med personlege vara, valde for 2 år.

- | | |
|-----------|---|
| 1. Ørsta: | Inger Sandvik Sundnes m/personleg vara Knut Olav Standal. |
| 2. Herøy: | Hilde Marie Brungot m/personleg vara Dag Kåre Nærø. |
| 3. Volda: | Sindre Rotevatn m/personleg vara Hege Karete Hamre. |
| 4. KLP: | Gunnar Gjørtz m/personleg vara Kirsten Grutle. |

Leiar i valnemnda, Lars Erling Bjåstad Hovlid, kjem til å ta kontakt med dykk undervegs i prosessen for å sikre at eit samla framlegg stettar aktuelle føringar for eit val i generalforsamlinga.

På vegner av valnemnda vert det bede om at aksjonærane innan 15. mars opplyser til valnemnda om kven de nominerer og om kompetansen til dei nominerte.

Lukke til med arbeidet!

Med vennleg helsing
Tussa Kraft AS


Elling Dybdal
Adm. Direktør

Kopi: Valnemnda i Tussa Kraft

Vedlegg:

- Adresseliste
- Styresamansetjing pr. januar 2017
- Gjeldande vedtekter
- Gjeldande aksjonæravtale
- Gjeldande aksjefordeling
- Gjeldande instruks for valnemnda
- Oversyn kompetanse for aksjonærvalde styremedlemer

Vår dato
30.01.2017

Vår referanse
14/00166-7

Adresseliste

Aksjonærer:

Ørsta kommune, postmottak@orsta.kommune.no
Herøy kommune, postmottak@heroy.kommune.no
Volda kommune, postmottak@volda.kommune.no
Kommunal Landspensjonskasse, klp@klp.no
Hareid kommune, postmottak@hareid.kommune.no
Vanylven kommune, postmottak@vanylven.kommune.no
Ulstein kommune, postmottak@ulstein.kommune.no
Sande kommune, sande.kommune@sande-mr.kommune.no
Hornindal Kraftlag, c/o Hornindal Rekneskapslag, post@hdalrek.no

Valnemnd:

Lars Erling Bjåstad Hovlid, lars.erling.bjastad.hovlid@gmail.com
Ingrid Opedal, ingrid.opedal@gmail.com
Svein Rune Smådal, svein@havila.no

Vår dato
30.01.2017

Vår referanse
14/00166-7

Styresamansetjing pr. januar 2017:

Styrerepresentantar:

Vararepresentantar:

Valt av aksjonærane:

Gunnar Gjørtz
Hilde Marie Brungot
Kjell Arne Aurstad
Ann Magritt Bjåstad Vikebakk
Sindre Rotevatn
Inger Sandvik Sundnes
Mathias Hogne Gjerde

Kirsten Grutle
Dag Kåre Nærø
Bente Reklev
Knut Kleiven
Hege Karete Hamre
Knut Olav Standal
Lena Nordal Vedeld

Valt av tilsette:

Knut Arne Grimstad
Vivian Roppen
Daniel Fjørtoft
Håvard Marøy

1. vara: Torgeir Bratteberg
2. vara: Harald Kvangarsnes
3. vara: Harald Klokk
4. vara: John Harald Sandbløst

VEDTEKTER FOR TUSSA KRAFT AS.

Sist endra i ordinær generalforsamling den 29.04.2016.

§ 1. FØREMÅL

Tussa Kraft AS er eit allmenngagnleg selskap som har til føremål å syte for produksjon, overføring og omsetning av elektrisk energi og stå føre utbygging av naudsynlege anlegg i den samanheng.

Tussa kan på forretningsbasis utvikle, produsere og selje produkt og tenester som styrkjer og utviklar konsernet.

§ 2. NAMN OG FORRETNINGSKONTOR

Selskapet sitt namn er Tussa Kraft AS. Forretningskontoret skal vere i Ørsta kommune.

§ 3. AKSJEKAPITAL

Aksjekapitalen er kr 30 320 000, delt på 3 032 aksjar á kr 10 000.

Aksjekapitalen er fordelt på 962 A-aksjar á kr 10 000 og 2 070 B-aksjar á kr 10 000.

B-aksjar kan berre eigast av norske kommunar og fylkeskommunar. Elles er aksjane likestilte.

§ 4. OVERDRAGING AV AKSJAR

Alle overdragingar av aksjar krev samtykke av styret for å vere gyldig. Samtykke kan berre nektast når det ligg føre sakleg grunn.

Aksjeeigarane har ikkje forkjøpsrett til aksjar som skifter eigar.

§ 5. GENERALFORSAMLING

I selskapet si generalforsamling har aksjonærane rett til å møte med rådgjevar. Kvar aksje gir ei røyst. Generalforsamlinga avgjer sakene med vanleg fleirtal av dei røystene som er til stades, når ikkje noko anna er sagt i vedtekter eller lov. Møteleiaren skil mellom like røystetal så nær som ved val som blir avgjort ved loddtrekning.

Ordinær generalforsamling blir halde innan utgangen av april månad. Styret kallar inn til generalforsamlinga med minst 14 dagars skriftleg varsel.

Styremedlemene, administrerende direktør og revisor skal innkallast, men dei har ikkje røysterett. I innkallinga skal nemnast dei sakene som skal handsamast. Generalforsamlinga skal føre møtebok med opplysning om tid og stad for møtet, om møtet er lovleg innkalla, kven som møter, dei sakene som blir førehatt og vedtak og røystetal i kvar sak.

På kvart møte vel generalforsamlinga 2 representantar til å skrive under møteboka saman med møteleiaren. Etter kvart møte blir utskrift av møteboka sendt alle aksjonærane, styret og revisor.

Ekstraordinær generalforsamling blir halde når styret finn det nødvendig og elles etter reglar fastsett i § 5-6 i Lov om aksjeselskap.

§ 6. GENERALFORSAMLINGA SIN KOMPETANSE

Aksjonærane utøver eigarskapen sin i generalforsamlinga som er det øvste organet i selskapet.

Den ordinære generalforsamlinga skal:

- a) godkjenne årsrekneskapen og årsmeldinga, herunder utdeling av utbytte
- b) velje styremedlemer med personlege varamedlemer, valnemnd, leiar i valnemnda og fastsetje godtgjersle til desse
- c) velje revisor og fastsetje godtgjersle for han.

Elles skal generalforsamlinga ta avgjerder ved sal av aksjar som Tussa Kraft AS har i selskapa Mørenett AS og Tussa Energi AS.

§ 7. STYRET

Selskapet skal ha eit styre på 11 medlemer med røysterett. 7 av desse blir valde av generalforsamlinga medan 4 blir valde av og mellom dei tilsette i konsernet. Administrerende direktør møter i styret med tale- og forslagsrett, men ikkje røysterett. Fordeling av styremedlemer mellom aksjonærane er regulert i eigen aksjonæravtale.

Styremedlemer blir valde for 2 år. For dei aksjonærvalde med ein turnus der 3 er på val eine året og 4 på val det neste året.

Leiar og nestleiar blir valde av styret for 1 år om gongen.

Leiaren, eller i hans forfall nestleieren, kallar saman styret så ofte han finn det nødvendig, og når administrerende direktør eller 2 styremedlemer krev det. Så langt råd er må dei sakene som skal fram på styremøtet, nemnast i innkallinga til møtet.

Styret er vedtaksført når minst 6 av dei røysteføre medlemene er frammøtt og leiaren eller nestleieren er til stades. Står røystene likt, er leiaren si røyst avgjerande.

Styret skal føre møtebok med opplysningar om tid og stad for møtet, om møtet er lovleg innkalla, kven som er til stades, dei sakene som blir handsama, tilrådinga frå administrerende direktør i kvar einskild sak og vedtaket og

røystetalet i saka. Dissensar skal innførast i møteboka. Styremedlem og administrerande direktør som ikkje er samde i eit vedtak, kan krevje sitt syn innført i møteboka. Møteboka skal underskrivast av alle røysteføre medlemmer som er til stades. Etter kvart møte blir utskrift av møteboka sendt alle styremedlemene.

§ 8. VALNEMND

Selskapet skal ha ei valnemnd med tre medlemmer, og av desse skal ein vere leiar. Valnemnda skal veljast kvart år av den ordinære generalforsamlinga i selskapet, etter forslag frå styret.

Valnemnda skal kome med tilråding til generalforsamlinga om val av styre og godtgjering av styremedlemer. Styret sender valnemnda si tilråding til aksjonærane saman med innkalling til ordinær generalforsamling.

§ 9. SIGNATUR

Styreleiaren saman med administrerande direktør eller ein annan styremedlem bind selskapet med underskriftene sine.

§ 10. ENDRING AV VEDTEKTENE

For endring av vedtektene gjeld desse reglane:

- a) Framlegg om vedtektsendringar må styret sende aksjonærane 2 månader før saka blir handsama i generalforsamlinga. Kjem framlegget frå andre enn styret, må det sendast til styret i så god tid at styret kan få sendt med si tilråding i saka.
- b) Vedtektsendring må vedtakast med eit fleirtal på 2/3 av den aksjekapitalen og røystene som er representert i generalforsamlinga.

§ 11. FORHOLD TIL AKSJELOVA

Dersom vedtektene ikkje seier anna, skal reglane i den til ei kvar tid gjeldande aksjelov nyttast.

Tussa Kraft AS

Aksjonæravtale

1. FØREMÅLET MED AVTALEN

Føremålet med avtalen er å sikre at Tussa skal vere ei sjølvstendig, leiande, samfunns- og utviklingsorientert verksemd som vert driven etter sunne forretningsprinsipp, der målsetjinga er å levere eit resultat som over tid er minst på nivå med selskap det er naturleg å samanlikne med. For å sikre dette, må Tussa medverke til å byggje stabile og gode bruer mellom hovudinteressentane – eigarane, kundane og tilsette. Desse bruene skal vere bygde på at Tussa skal skape miljøvennlege løysingar med ein regional, ansvarleg, profesjonell og framtidsretta profil.

Det geografiske samanfallet mellom regionalt eigarskap, kvar kundane bur og ein felles arbeidsmarknad blir viktig å ta vare på. Dette skal oppnåast ved å

- skape økonomiske resultat basert på effektiv og kommersiell drift som gir eigarane god avkastning og sikrar konsernet si vidare langsiktige utvikling,
- satse på energiproduksjon, nettverksemd og naturleg tilliggande forretningsområde
- vere kundeorientert og konkurransedyktig, ha god leveringstryggleik og ha fokus på utvikling av nye produkt
- gi selskapet rom for å søke samarbeid med andre aktørar for å auke konkurransekrafta i regionen
- ha eit godt og trygt arbeidsmiljø med motiverte medarbeidarar som har god kompetanse, set seg høge mål og tek ansvar.

Tussa skal vidare samarbeide aktivt med næringslivet i regionen om å leggje til rette for ei samfunnsutvikling til beste for innbyggjarane.

2. UTBYTE

Tussa skal ha som mål å skape resultat som sikrar god soliditet i selskapet og gir høve til å betale ut eit godt og stabilt utbytte til eigarane.

Under føresetnad av at Tussa har ein tilfredstillande soliditet og under omsyn til reglane i aksjelova, skal det betalast ut eit ordinært utbytte på 60 % av resultatet etter skatt. For å sikre stabilitet i utbyttet, skal utrekninga av utbyttet baserast på gjennomsnittet av dei tre siste åra sine resultat

3. SAL AV AKSJAR

Alle sal av aksjar skal handsamast i styret og det er ein føresetnad at kravet til offentleg eigarskap i pkt. 4 nedanfor blir teke omsyn til på vanleg måte. Godkjenning av aksjesal kan berre nektast når det ligg føre sakleg grunn, jf. aksjelova § 4-16 andre lekk, likevel slik at dette ikkje inneber noko avgrensing i høve til krav om samtykke ved aksjeerverv etter industrikonsesjonsloven. Partane er samde om at reglane i aksjelova § 4-16 og §4-17 skal brukast

4. OFFENTLEG EIGARSKAP

Partane pliktar ved kjøp, sal eller anna overdraging av aksjar å overhalde eigaravgrensingsreglar som inneber at maksimalt 1/3 av aksjane i Tussa Kraft (røyster

og kapital) kan vere eigd av alle, i dette også private, medan minst 2/3 (røyster og kapital) skal vere eigd av norske kommunar og/eller fylkeskommunar. Partane pliktar seg til ikkje å røyste for vedtektsendringar som inneber at ikkje minst 2/3 av aksjane (røyster og kapital) i Tussa Kraft i samsvar med vedtekter skal eigast av norske kommunar og/eller fylkeskommunar. Ved endring i konsesjonslovene pliktar partane å medverke til å vurdere korleis selskapet sine interesser best kan takast vare på.

5. STYREVAL

Styret bør setjast saman slik at det tek vare på aksjonærfellesskapen sine interesser og selskapet sitt behov for kompetanse, kapasitet og mangfald. Det må også takast omsyn til at styret skal fungere godt som eit kollegialt organ.

Basert på 7 aksjonærvalde styremedlemer og at Kommunal landspensjonskasse er blitt eigar av minimum 14,29 % av aksjane i Tussa Kraft AS er aksjonærane samde om følgjande fordeling av styreplassane:

Ørsta kommune	2 representantar og 2 vara representantar
Herøy kommune	1 representant og 1 vararepresentant
Volda kommune	1 representant og 1 vararepresentant
Kommunal landspensjonskasse	1 representant og 1 vararepresentant
Vanylven og Sande kommunar	1 representant og 1 vararepresentant
Hareid og Ulstein kommunar	1 representant og 1 vararepresentant

Ved endring av tal på styremedlemer eller eigarskap skal eventuell ny fordeling av styreplassar vere basert på at ein aksjonær eller ei gruppe av aksjonærer med prosentvis eigardel i selskapet som er større enn 100/tal aksjonærvalde styremedlemer har rett til å nominere ein styremedlem. Er eigardelen større enn 2 gongar 100/tal aksjonærvalde styremedlemer, har aksjonæren eller gruppa av aksjonærer rett til å nominere 2 styremedlemer osb. Aksjonærer som ikkje er reelt offentlege i konsesjonsrettsleg høve, kan likevel ikkje i noko høve krevje å nominere meir enn 1/3 av dei aksjonærvalde styremedlemene.

Aksjonærer eller aksjonærgrupper pliktar innan 3 veker før generalforsamlinga å opplyse overfor valnemnda kven dei har nominert til styremedlem. Aksjonærane forpliktar seg til å medverke til at val av styremedlemer skjer på ein ryddig måte. Dersom ovannemnde opplysingar ikkje er gitt, vil valnemnda sjølv leggje fram for generalforsamlinga tilråding på styremedlemer slik at krava i vedtektene blir følgde.

Aksjonærane skal syte for at valnemnda er kjend med innhaldet av denne aksjonæravtalen slik den til ei kvar tid er. Generalforsamlinga vedtek instruks for valnemnda. Instruksen følgjer som vedlegg til aksjonæravtalen

6. NYE AKSJONÆRAR

Nye aksjonærer må uavhengig av om aksjar blir erverva gjennom kjøp eller ved emisjon eller på annan måte slutte seg til denne avtalen med signatur.

7. ENDRING AV AVTALEN.

Punkta 4, 5 og 6 i denne avtalen er ikkje tidsavgrensa. Desse punkta kan berre endrast om alle aksjonærane er samde om det.

Dei andre punkta i aksjonæravtalen gjeld for seks – 6 – år i gongen, og blir automatisk fornya. Dersom ein av partane ynskjer å tre ut av avtalen, eller reforhandle teksten i

denne, skal dette meldast med seks – 6 – månaders varsel. Aksjonæravtalen er ein omforeint avtale, og kan berre endrast om alle aksjonærane er samde om det.

8. EIGAR SI INNSIKT I FORRETNINGSVERKSEMDA

Eigarane skal kunne bli gitt innsyn i drifta til konsernet og underliggande forretningseiningar. Dette skal skje i samband med eigarmøte og generalforsamling, eller på annan måte når det er meir tenleg.

9. TILHØVET TIL ANDRE AKSJONÆRAVTALAR OG IVERKSETJING

Denne avtalen erstattar alle tidlegare aksjonæravtalar vedrørende Tussa Kraft AS, herunder aksjonæravtale av 29. desember 2005 og tilleggsavtale til same avtale inngått 28. april 2008. Denne avtalen trer i kraft når den er signert av alle parter. Avtalen sitt pkt. 5, andre avsnitt trer i kraft når Kommunal landspensjonskasse har vorte eigar av 14,97 % av aksjane i Tussa Kraft AS.

10. TVISTAR

Tvistar om forståing av denne avtalen skal søkjast løyst ved forhandlingar mellom partane. Om minnelege løysingar ikkje blir oppnådde, skal usemja løysast ved ordinær domstolshandsaming.

11. SIGNATUR

Denne avtalen er signert av alle aksjonærane

Aksjonær	Stad/dato	Signatur
Ørsta kommune	Ørsta 1/2-13	Lundevold
Hørøy kommune	Ørsta 1/2-13	Lundevold
Volda kommune	Volda 31/1-13	Lundevold
Kommunal Landspensjonskasse	Ørsta 1/2-13	Lundevold
Hareid kommune	Ørsta 1/2-13	Lundevold
Vanylven kommune	Fiskå 1/3-13	Lundevold
Ulstein kommune	Ørsta 1/2-13	Lundevold
Sande kommune	Larvik 1/3-2013	Lundevold
Hornindal Kraftlag	Ørsta 1/2-13	Per Hagen

Gjeldande aksjefordeling TUSSA KRAFT AS

Sist revidert 01.02.2013

Aksjonær	A	B	SUM	% røyster
Ørsta kommune	309	747	1056	34,83
Herøy kommune	137	376	513	16,92
Volda kommune	0	484	484	15,96
Kommunal Landspensjonskasse	454	0	454	14,97
Hareid kommune	0	201	201	6,63
Vanylven kommune	21	176	197	6,50
Ulstein kommune	29	58	87	2,87
Sande kommune	0	28	28	0,92
Hornindal Kraftlag AS	12	0	12	0,40
SUM	962	2070	3032	100,00

TUSSA KRAFT AS

INSTRUKS FOR VALNEMNDA

Godkjent på generalforsamling den 24.04.2015

Generelt

Aksjonærene har inngått ein aksjonæravtale som mellom anna gir viktige føringar for val av styremedlemer i Tussa Kraft. Føringane i aksjonæravtalen er innarbeidd i selskapet sine valprosedyrar og i instruks for valnemnda så langt som det høver. Aksjonæravtalen ligg ved denne instruksen.

Prosedyrar

1. Valnemnda i Tussa Kraft skal kome med tilråding til generalforsamlinga om val av styre etter aksjonærene sine ønskjer så langt som det passar jf. pkt. 7, aksjonæravtalen sine føringar om at styret bør setjast saman slik at det tek vare på aksjonærfelleskapen sine interesser, selskapet sitt behov for kompetanse, kapasitet og mangfald og den til ei kvar tid gjeldande lovgjeving om samansetjing av styre i aksjeselskap. Det må også takast omsyn til at styret skal fungere godt som kollegialt organ.
2. Tiltrådinga frå valnemnda skal grunngjevast, og det skal opplyst om relevant kompetanse for innstilte kandidatar.
3. Valnemnda skal også kome med tilråding om godtgjering av styremedlemene.
4. For å avklare selskapet sitt behov for kompetanse, kapasitet, kontinuitet og mangfald, skal leiar av valnemnda ha møte med styreleiar innan utgangen av januar slik at eventuelle signal kan sendast ut i samband med at aksjonærene blir oppmoda om å nominere styremedlemer, jf. pkt 7.
5. Valnemnda skal ha dialog med aktuelle eigarar under valprosessen.
6. Valnemnda si tilråding på val av styremedlemer og godtgjering skal vere styret i hende innan 5. april, slik at tilrådinga kan sendast ut saman med innkallinga til generalforsamling.
7. Administrasjonen i Tussa Kraft skal gi melding til aksjonærene innan 1. februar om val av styre i Tussa Kraft AS. I meldinga be om at aksjonærene innan 15.mars opplyser til valnemnda kven dei ønskjer å nominere som styremedlemer.
8. Aksjonærar eller grupper av aksjonærar som etter aksjonæravtalen har rett til å nominere styremedlemer, bør i sine framlegg ha kandidatar av begge kjønn til dei aktuelle verva

Namn	Fødselsår	Utdanning	Arbeidsferfaring	Styrearbeid
Gunnar Gjørtz	1956	Handelsakademiet (BI) Oslo Registrert revisor	KLP Eigedom, administrerende direktør Hafslund ASA, økonomidirektør Løvenskiold Vækerø AS, økonomidirektør NetCom ASA, økonomidirektør Suez Lyonnaise des Eaux, internasjonal leiar (England og Frankrike) Nora Industrier AS, økonomidirektør Geco AS, prosjektleiar Arthur Andersen & Co, revisor	Itera Consulting Group, styreleiar (børsnotert) Infatek ASA, styreleiar (børsnotert) Dyvi ASA, styremedlem Hafslund døtre, styremedlem KLP døtre, styreleiar Trønder Energi AS, styremedlem Tussa Kraft AS, styreleiar Diverse styreverv
Mathias Hogne Gjerde	1965	Ålesund fagskole, nautisk linje NTNU, psykolog/pedagogikk	Ventiq AS, grunder og dagleg leiar John Gjerde AS, Sals og marknadssjef	Tussa Kraft AS, styremedlem Jets, styremedlem Ventiq, styremedlem Sande kommunestyre, representant
Hilde Marie Brungot	1950	NHH Siviløkonom NHH - MBA	DNB ASA Ålesund, banksjef Wealth Management Rolls-Royce Commercial Marine (CFBU), økonomileiar Ulstein Industrier, økonomileiar Delfa AS, økonomileiar Industri & Skipsbanken ASA, økonomileiar Kreditkassen AS Ulsteinvik, leiar bedriftsmarknaden Sunnmørsbanken AS, konsulent	Herøyterminalen, styremedlem Olympic Shipping AS, styremedlem Stiftinga Sunnmørsjekta, styremedlem Ishavsmuseet, styremedlem Norsk Maritim Kompetansesenter AS, styremedlem Tussa Kraft AS, styremedlem Diverse styreverv

Namn	Fødselsår	Utdanning	Arbeidserfaring	Styrearbeid
Ann Magritt Bjåstad Vikebakk	1977	Juridisk embetseksamen, UJO	Eigen advokatpraksis Advokatfirma Schødtt Skatteetaten	Medlem Hareid kommunestyre Sparebanken Møre, styremedlem Hareid Elektriske AS, styremedlem World Wide Supply AS, styremedlem Tussa Kraft AS, styremedlem Diverse andre styreverv
Inger Sandvik Sundnes	1967	HiMolde, øk. adm BI, Strategi og leiing	SpareBank1 Søre Sunnmøre, leiar for bedriftssenter Tussa, kundansvarleg for næringslivsmarknaden Enøk-senteret, kontormedarbeidar Volda kommune, personalkonsulent	Medlem Ørsta kommunestyre Volda Industrilag, styremedlem Volda Sentrum AS, styremedlem Tussa Kraft AS, styremedlem
Sindre Rotevatn	1960	BI, siviløkonom HiVolda, kommunal planlegging og administrasjon	MRB AS Kaluna Norge AS, partner Ulstein Verft AS, adm. direktør Saferoad, CFO/økonomidirektør Kreditkassen, bedriftsrådgjevar SunSoft, dagleg leiar, Møremøbler, økonomisjef,	Scan Aprima AS, styreleiar Riam Ørsta AS, styreleiar Ulsteindøtre, styremedlem Saferoaddøtre, styremedlem Møremøblerdøtre, styremedlem Tussa Kraft AS, styremedlem Diverse styreverv
Kjell Arne Aurstad	1952	Teknisk Fagskule 1978	Maskinentreprenør eige firma Anlegg/prosjektleiar RB Nautvik AS Maskinførar	MEF hovudstyre, styremedlem MEF Møre og Romsdal styreleiar/-medlem KA Aurstad AS, styreleiar Tussa Kraft, styremedlem



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Sonja Håvik

Arkivsak nr.: 2017/237

Arkivkode: 033

Utvaksaksnr	Utval	Møtedato
3/17	Valnemnda Kommunestyret	02.03.2017

VAL AV STYREMEDLEM TIL AV-SENTERET AS

Administrasjonen si tilråding:

Kommunestyret vel til nytt styremedlem i AV-senteret AS.

Vedleggsliste:

Epost frå Ståle Ytrestøl, datert 01.02.17.

Vedtekter for AV-senteret.

Saksopplysningar/fakta:

Ståle Ytrestøl har gitt melding om at han vil trekke seg frå styrevervet i AV-senteret AS på førstkomande generalforsamling, som vert halde i slutten av februar. Han har vore styremedlem i AV-senteret AS sidan 1984.

Eigarane av selskapet er kommunane Vanylven, Sykkylven, Sande og Volda. Volda kommune har to styremedlemer, medan Sande, Vanylven og Sykkylven har ein kvar. Styret er i dag samansett av fire menn og ei kvinne:

Ståle Ytrestøl – Volda – styreformann

Inge-Jonny Hide – Sande

Steinar Nordmo – Sykkylven

Gunvor Strand – Vanylven

Olav Trandal – Volda

Ytrestøl oppmodar Volda kommune til å velje ei kvinne som styremedlem.

Rune Sjugard
Rådmann

Inger-Johanne Johnsen
sektorsjef kultur og service

Utskrift av endeleg vedtak:

Den som vert valt.

AV-senteret AS

Kommunane Sande, Vanylven og Sykkylven

Ståle Ytrestøl
Ytrestøylen 39
6105 Volda
90873876

Volda kommune, v/ordføraren

Hei!

Eg har site som styremedlem i AV-senteret AS sidan 1984. Eg synest at 30 år får vere bra, og melder at eg trekkjer meg frå styret på førstkomane generalforsamling.

Etter planen blir den i slutten av februar.

Volda kommune har hatt to styremedlemer. Sande, Vanylven og Sykkylven har ein kvar.

Etter vedtektene skal styret ha mellom tre og fem medlemer, så styret er i samsvar med vedtektene sjølv om der ikkje blir oppnemnd nokon ny etter meg. No er styret samansett av fire menn og ei kvinne, så dersom Volda vil oppnemne ein ny representant, ville det truleg vere fornuftig å foreslå ei kvinne.

--

Volda 1. februar 2017

Helsing frå Ståle Ytrestøl

VEDTEKTER FOR AVsenteret AS, 6100 Volda.

§ 1

Selskapet sitt namn er AVsenteret AS.

§ 2

Selskapet sitt forretningskontor er i Volda kommune, med adresse 6100 Volda.

§ 3

1. Selskapet sitt føremål er å utvikle og selje læremiddel.
2. Selskapet skal legge til rette og drive kurs og undervisning m.a. ved hjelp av moderne informasjonsteknologi.

Selskapet deler ikkje ut aksjeutbytte. Eit eventuelt overskot går med til styrking og vidareutvikling av selskapet.

§ 4

Selskapet sin aksjekapital er kr. **140.000,-** delt på 140 aksjar

§ 5

Selskapet sitt styre skal ha frå tre til fem medlemmer etter nærare vedtak av generalforsamlinga. Styret bør samansettast slik at det så langt råd er har faglege-, merkantile- og pedagogiske kvalifikasjonar.

§ 6

Selskapet sitt firma vert teikna av styreformannen og eit av styremedlemene i fellesskap. Eit samrøystes styre kan tildele prokura.

§ 7

Ein aksjonær kan ikkje overdra aksjar enkeltvis til andre enn andre aksjonærar. Dersom nokon av aksjonærane ønskjer å overdra sine aksjar, har dei andre aksjonærane forkjøpsrett. Dersom fleire aksjonærar ønskjer å nyttiggjere seg av forkjøpsretten skal aksjene som er på sal delast likt mellom dei. Den som ønskjer å selje aksjane sine, skal skriftleg underrette formannen i styret om dette. Han gir dei andre aksjonærane ein frist på 1 -ein- månad til å melde frå om dei vil gjere forkjøpsretten gjeldande.

§ 8

Som aksjonær kan berre vere kommunar i Møre og Romsdal.

§ 9

I generalforsamlinga har kvar aksje ei stemme.

Sande kommune	26 aksjar à kr. 1.000,-	kr. 26.000,-
Sykkylven kommune	36 aksjar à kr. 1.000,-	kr. 36.000,-
Vanylven kommune	28 aksjar à kr. 1.000,-	kr. 28.000,-
Volda kommune	50 aksjar à kr. 1.000,-	kr. 50.000,-
I alt	140 aksjar à kr. 1.000,-	kr.140.000,-

§ 10

Utviding av aksjekapitalen krev 3/4 –fleirtal.

§ 11

Selskapet skal drivast etter forretningsmessige prinsipp.

§ 12

Ordinær generalforsamling skal haldast kvart år innan utgangen av juni månad. Innkallinga skjer med 14 dagars varsel i rekommandert brev. Generalforsamlinga skal handsame:

- a) Fastsetting av resultatrekneskap og balanse.
- b) Bruk av overskot eller dekning av underskot i samsvar med fastsett balanse.
- c) Val av styre.
- d) Andre saker som i samsvar med lov eller vedtekter høyrer til generalforsamlinga.

§ 13

Ekstraordinær generalforsamling kan haldast når styret finn det naudsynt, eller når det vert kravd av ein aksjonær. Den vert innkalla på same måte som den ordinære generalforsamlinga, men skal handsame berre dei sakene som er nemnde i innkallinga.

§ 14

Elles vert det vist til den til ei kvar tid gjeldande aksjelovgivning.